

Fra: Hanne Alver Krum (Hanne.Alver.Krum@skyss.no)

Sendt: 15.01.2015 08:26:05

Til: 'jostein@trolltunga-active.com'

Kopi: 'Hauge Elisabeth Wesenlund'; 'Eitrheim Jostein'; Åshild Fossgard Sandøy; Olav Lydvo; Merete Træen Raknes; Tor Harald Rødseth

Emne: SV: Justert rutetabell 995 Odda - Tyssedal - Skjeggedal

Vedlegg: image001.jpg

Hei,

Eg er veldig lei for at det har tatt oss så lang tid å komme tilbake med svar på spørsmålet om ruteinformasjon.

Informasjonskanalane til Skyss er utforma for å vise Skyss sine egne avgangar. Nokre unntak er gjort, mellom anna for deler av NSB sitt rutetilbod og for nokre kommersielle ruter og ferjestrekningar, men det er ikkje ønskeleg for Skyss å integrere mindre ruter som vert operert av private aktørar rundt om i fylket.

Grunngjevinga er at dette vil gjere det svært krevjande for oss å halde rutedata oppdatert i alle kanalar heile tida. Vi må derfor seie nei til din førespurnad om å integrere informasjon om ruta Skogly-Skjeggedal i våre informasjonskanalar.

Dersom det er ønskeleg å pakke strekninga Skogly-Skjeggedal som del av ei turistpakke/rundreise saman med offentlege rutetilbod (til dømes Odda-Skogly) og eventuelle andre aktivitetar, vil dette kunne la seg gjere gjennom Skyss i 2015. Ein inngår i slike høve ein eittårig kontrakt om utskriving av voucher, men alle informasjons- og marknadsføringsoppgåver vert utført av operatør. Skyss har nokre tilsvarande avtalar, primært med turoperatørar som retter seg mot den utanlandske turistmarknaden, men vi må gjere merksam på at denne ordninga vil bli evaluert våren 2015, og kan bli avvikla frå og med 2016. Desse avtalene gir ikkje prisreduksjon for ei omsetning under kr 10.000 per år, over denne summen vert det gitt 10 prosent provisjon.

Du må sjølvsgt gjerne ta kontakt med meg igjen om du har fleire spørsmål.

Venleg helsing
Hanne Alver Krum

Hanne Alver Krum
Sals- og marknadssjef

Skyss | Lars Hillesgate 20 B | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 907 87 691 |

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

Fra: jostein@trolltunga-active.com [mailto:jostein@trolltunga-active.com]

Sendt: 17. desember 2014 14:36

Til: Tor Harald Rødseth; Hanne Alver Krum

Kopi: Hauge Elisabeth Wesenlund; Eitrheim Jostein

Emne: VS: Justert rutetabell 995 Odda - Tyssedal - Skjeggedal

Hei

Viser til mail korrespondanse under.

Trolltunga Active ynskjer å nytta Odda Taxi til å dekke transport av tursitar på strekninga Skogly-Skjeggedal, med korrespondanse mot ordinære Skyss ruter Odda-Skogly.

Samferdselsavdelingen v/ Tor Harald Rødseth:

Ber om tilbakemeld frå Hordaland fylkeskommune vedr evt. krav om eige ruteløyve for denne strekninga.

Skyss ved marknadsavdeling og leiar Hanne Alver Krum:

Ber om tilbakemelding om Skyss kan ta med ruter Skogly-Skjeggedal i Skyss sine informasjonskanalar for sesongen 2015.

Foreslåtte ruter er vist med utheving i vedlegg.

Mvh
Jostein Soldal
Dagleg leiar

Join us at [Facebook](#)
Comment on [Tripadvisor](#)



Mobil: 908 24 572
E-post mail@trolltunga-active.com
Heimeside: www.trolltunga-active.com

Vasstun 1
N-5750 ODDA

Fra: Eitrheim Jostein
Sendt: 10. desember 2014 14:36
Til: mail@opplevodda.com
Kopi: Hauge
Elisabeth Wesenlund
Emne: VS: Justert rutetabell 995 Odda - Tyssedal - Skjeggedal

Hei Jostein !

Ber om at du no tar denne kontakten mot Hanne Alver Krum og Tor Harald Rødseth slik at Odda kommune ikkje vert ein formell part i dette ruteopplegget for komande sommar.

Mvh
Jostein

Fra: Olav Lydvo [\[mailto:olav.lydvo@skyss.no\]](mailto:olav.lydvo@skyss.no)
Sendt: 10. desember 2014 14:14
Til: Eitrheim Jostein
Emne: SV: Justert rutetabell 995 Odda - Tyssedal - Skjeggedal

Hei igjen!

Skyss har ikkje innvendingar mot at Opplev Odda nyttar Odda Taxi for å utføre transport Skogly – Skjeggedal i korrespondanse med våre ordinære ruter Odda – Skogly. Når det gjeld ekstra ruter Odda - Skogly laurdag ettermiddag / kveld samt heile sundag har heller ikkje her Skyss innvendingar for ei slik gjennomføring. Men det vert rådd til å kontakte Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelingen v/ Tor Harald Rødseth (tor.harald.rodseth@hfk.no) for å sjekke ut evt. krav om eige ruteløyve for denne strekninga.

Når det gjeld evt. inntak av samla rutetilbod i Skyss sine informasjonskanalar ber me om at dette spørsmålet vert retta til Skyss sin marknadsavdeling ved leiar Hanne Alver Krum (hanne.alver.krum@skyss.no)

Med venleg helsing

Olav Lydvo
Seniorrådgjevar

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob: (+47) 932 30 395
olav.lydvo@skyss.no | www.skyss.no

Følg oss på Facebook! www.facebook.com/skyss.no

Fra: Eitrheim Jostein [<mailto:Jostein.Eitrheim@odda.kommune.no>]

Sendt: 10 December 2014 13:34

Til: Olav Lydvo

Kopi: Hauge Elisabeth Wesenlund; mail@opplevodka.com; inlae@online.no; eivind.tokheim@c2h.no; steinar.jaastad@kinsarvik.net; post@oddataxi.no

Emne: Justert rutetabell 995 Odda - Tyssedal - Skjeggedal

Hei !

Sender vedlagt justert tabell 995 der det no er berre 2 ulike periodar for rutene mellom Tyssohallen og Skjeggedal.

Mvh

Jostein Eitrheim

Teknisk sjef

Mob. 97 55 86 06

Dir.tlf. 53 65 46 64

jostein.eitrheim@odda.kommune.no

Odda kommune

Opheimsgata 31

5750Odda

Tlf 53 65 40 00

www.odda.kommune.no